



SAKSHANDSAMAR
Tor Kristian Torsvik

VÅR REF.
13/00153-36

ARK. F - Fartøy
Stord I

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO
24.11.2015

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Stiftelsen D/S Stord I
Postboks 1740 Nordnes
5816 BERGEN

LEYT - Stord I - tilskot - statsbudsjettet 2015 kapittel 1429 post 74

Riksantikvaren syner til søknaden Dykkar av 16.10.2015 om tilskot til nemnte farty i 2015. Søknaden er gjennomgått og funnen tilstrekkeleg.

MERK:

Vi ber om at heile teksten i dette brevet og i vedlegga vert lesen. Dei fristar og vilkår som her vert gjevne må overhaldast dersom tilskotet skal utbetalast.

VEDTAK:

Riksantikvaren gjev med dette eit tilskot i 2015 på inntil

kr. 154.808,- frå kapittel 1429 post 74.

Tilskota skal dekkje kostnader i samband med tilverking av presenningsoverbygg frå styrhus til akter på fartyet.

Grunngjeving

«Stord I» har vore gjennom istandsetjing over lang tid. Arbeida kostar både tid og pengar. Å halde skipet tildekkja gjennom vinteren har vist seg å vera både praktisk og kostnadssparande. Riksantikvaren ynskjer difor å prioritere tiltak som verkar førebyggjande mot forfall og som er til hjelp for vedlikehaldsarbeid og dugnadsinnsats.

Retningslinjer og vilkår for tilskot

Vedlagt følgjer *Retningslinjer og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet*. Mottakar skal setje seg godt inn i retningslinjene og vilkåra for tilskotet. Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskotet at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget, vert aksepterte og oppfylte.

Nærare om bruken av midlane

Alt arbeid skal utførast i tråd med fartyet si historie. Eit hovudprinsipp for antikvarisk arbeid er å skifte så lite som råd av originale materiale. Delar som må skiftast skal erstattast med delar av tilsvarende material tilverka på same måte, og arbeida skal utførast etter same handverksmetodar som tidlegare vart nytta same stad.

Oppstår det tvil om planlagde tiltak er i tråd antikvariske retningslinjer skal Riksantikvaren kontaktast. Dersom retningslinjene ikkje vert følgde kan dette medføre at tilskotet ikkje vert utbetalt.

Omdisponering og momsrefusjon

Ynskjer ein å omdisponere tilskotet skal dette skje etter søknad og i dialog med Riksantikvaren.

Får ein refundert moms på tilskotsmidlane skal Riksantikvaren informerast, og bruken av midlane skal avtalast skriftleg med Riksantikvaren.

Rapportering

Rapport frå arbeid som er utført innan 31. desember 2015 skal sendast til Riksantikvaren innan 15. januar 2016. Sluttrapporten skal innehalde følgjande:

- ei skildring av det som er utført
- foto teke før, under og etter dei utførte tiltaka
- rekneskap

Riksantikvaren vil ikkje handsame nye søknader frå prosjekt som har fått tilskot før vi har motteke rapport frå det utførte arbeidet.

Inspeksjonsrett

Vi syner til § 10 i løyvingsreglementet og gjer merksam på at Riksantikvaren har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert nytta som føreset. Med heimel i lov om riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12. har Riksrevisjonen same høve til å føra kontroll. Riksantikvaren sin rett til inspeksjon og undersøking fell bort når arbeida er godkjente og tilskotet utbetalt.

Aksept av vilkår for tilskot

Vedlagt følgjer skjema for aksept av vilkåra. Akseptskjema må signerast og sendast til Riksantikvaren innan 4 veker etter at dette tilskotsbrevet er motteke, elles fell tilskotet bort.

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast inn til Klima- og miljødepartementet, jf. § 28 i forvaltingslova. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre – 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. § 29 i forvaltingslova.

Beste helsing

Mari Søbstad Amundsen

seksjonssjef

Tor Kristian Torsvik
rådgiver

Vedlegg:

1. Retningslinjer og vilkår for tilskot
2. Akseptskjema
3. Orientering om fordelinga

Kopi til: Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen

Kontering

Konto:

8719

Koststad:

492

VP (res.mål.):

150200

Post:

142974

Innsatsnummer (fyllast ut etter behov):

Tilskotsnummer:

150740738

Delutbetaling

Avslutta

Beløp:

154.808,-

Bankkontonr. til mottakar (berre ved utbetaling):

Felt for merknad (eventuelt):

Tilskot – D/S «Stord I» - LEYT